

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

TYSDAG 23.10.2018 KL. 12.15 – 14.00

Til stades: Eike Schnall (leiar), Agnete Nesse, Christine Hamm, Scott Rettberg (for Henning Laugerud), Juliane Tiemann, Fredrik Parelius og Erik Bjerck Hagen.

Forfall: Gunnstein Akselberg

Frå administrasjonen: Håvard Ø. Peersen og Anne Berit Apold (skrivar)

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling
 - Innkallinga vart godkjent.

- II. Framlegging av referat frå møtet 11.9.2018

22. Nytt ph.d.-program – invitasjon til innspel – diskusjonssak

Fakultetet har sendt ut utkast til nytt ph.d-program og invitert institutta til å gje fagelege og administrative innspel til programskildringa. Ved LLE er alle fagmiljøa invitert til å gje innspel. Det kom inn tre innspel som vart teke med i FFU si drøfting av saka; eit notat frå fagmiljøet i allmenn litteratur, samt notat frå Gunnstein Akselberg og e-post frå Henning Laugerud som begge er representantar i FFU. All dei tre innspela tok opp temaet vitskapsteori.

Ordsiftet i FFU var i hovudsak knytt til midtvegsevaluering og opplæringsdelen.

Midtvegsevaluering

FFU ved LLE har vore og er oppteken av at fagmiljøet støttar opp om ph.d.-kandidatane, og me meiner at midtvegsevalueringa kan vera ein av fleire aktuelle arenaer for dette. Me foreslår at kandidatane, som ein del av midtvegsevalueringa, gjev ein fagleg presentasjon av status for avhandlingsarbeidet til fagmiljøet.

Forslag til endring i 3.3.Midtveisevaluering

FFU foreslår at det i kulepunkt 9 vert brukt *og* i staden for *eller* (altsålevere tekst *og* gi en muntlig presentasjon...). Me foreslår òg kulepunkt 8 og 9 vert slått saman. Dette vil kunna gje ei enklare og meir samanhengande framstilling av midtvegsevaluering i programmet.

Opplæringsdelen

Ordsiftet i FFU var i hovudsak knytt til obligatorisk opplæring i vitskapsteori og Senter for

vitskapsteori sin plass i denne opplæringa. Det er ulike syn på saka både ved instituttet og i FFU, men det er semje om at det er viktig å bevare den metateoretiske refleksjonen og at ph.d.-stipendiatane møter andre fag enn sitt eige. Det er elles semje om å gje følgjande tilbakemelding til fakultetet:

FFU ønskjer ikkje vidareføring av kurset i vitskapsteori i si noverande form. Det er viktig at kurset vert grundig evaluert, og, avhengig av resultatet til evalueringa, at kurset vert vidareutvikla hhv. at eit nytt kurstilbod vert utvikla i nært samarbeid med fagmiljøa ved fakultet.

Når det gjeld den kandidatspesifikke delen av opplæringsdelen var stipendiatane i FFU kritisk til at kandidatane berre kan få godkjent inntil 6 studiepoeng for deltaking på konferanse. Nokre kandidatar vil ha vanskar med å finna relevante ph.d.-kurs, og for desse kandidatane er det særskilt viktig å leggja fram arbeidet sitt på konferansar og kunna få uttelling i opplæringsdelen for dette. FFU støtta dette synspunktet. I tillegg vart det teke til orde for å fjerna detaljane i programmet om kor mange studiepoeng som kan godkjennast innanfor ulike aktivitetar og heller krevja at kandidatane har studiepoeng knytt til fleire av dei ulike kategoriane i den kandidatspesifikke delen av opplæringsdelen.

Forslag til endring i 3.6.1. Opplæringsdelens innhold

FFU foreslår omskriving av kulepunkt 7 som gjeld den kandidatspesifikke delen av opplæringsdelen. Forslag til formulering:

- *De resterende 15 studiepoeng skal støtte opp under avhandlingsarbeidet, ha metodisk relevans, og settes sammen av minst tre av de følgende kategoriene:*
 - *Organiserte ph.d.-kurs i regi av forskerskoler eller andre.*
 - *Deltagelse med innlegg på relevante vitenskapelige konferanser eller seminarer.*
 - *Gjennomførte redskapskurs på alle nivåer innen andre fagområder, inkludert spesielle språkfag.*
 - *Populærvitenskaplig formidling.*

23. Orienteringssaker

a) Stipendiatstillinger

Det er lyst ut ei stipendiatstilling i leksikografi/leksikologi knytt til Revisjonsprosjektet. Stillinga er finansiert av fakultetet.

b) Komande NFR/FRIPRO-utlysing – workshopar i regi av LLE og fakultetet

Eike orienterte kort om at instituttet planlegg informasjonsmøte om komande NFR-utlysing med frist 10.04. (FRIPRO etc.; sjå t.d.

https://www.forskningsradet.no/no/Forskningsmidler_i_2019/1254037208035). Møtet vert lagt til 15. november.

24. Ymse

- **Utlysing ved Senter for grunnforskning (CAS)**
CAS tek i mot søknader for det akademiske året 2021-2022. Info vert formidla til tilsette ved LLE.